

# Vekeplan 10. trinn

# Veke 18 og 19

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<b>10C:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>Kunna bruka verkemiddel og skriva og framføra eit kåseri for andre</li></ul> <b>10A, B, D:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>Få ei lita oversikt over norskfaget sine kompetansemål</li></ul>
Engelsk	<ul style="list-style-type: none"><li>Kunna seia noko om levemåtar, tankesett og mangfald i den engelskspråklege verda</li><li>Kunna seia noko om demokrati og medborgarskap i verden.</li><li>Kunna seie noko om tvungen migrering, blant anna menneskehandel, og flyktingar</li><li>Førebuing til munnleg og skriftleg eksamen</li></ul>
Matematikk	<ul style="list-style-type: none"><li>Prosentvis endring og vekstfaktor</li><li>Lønn, skatt, toll og meirverdiavgift</li><li>Lån og kreditt</li><li>Sparing og forbruk</li><li>Budsjett og rekneskap</li><li>Rekning med ulik valuta</li></ul>
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none"><li>Plassera viktige land i Midtausten på kartet</li><li>Gje nokre døme på at europeisk innblanding har ført til konflikhtar i Midtausten</li><li>Forklara korleis konflikten mellom Israel og palestinarane har røter langt tilbake i historia</li><li>Forklara kvifor borgarkrigen i Syria utvikla seg til ein stor internasjonal konflikt</li><li>Gjera greie for nokre konsekvensar av konfliktane i Midtausten</li></ul>
KRLE	<b>Fordjupningsoppgåve + repetisjon: 10BD:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>Utforska og presentera sentrale trekk ved kristendom og andre religions- og livssynstradisjonar og deira utbreiing i dag</li><li>Bruka og drøfta fagbegrep om religionar og livssyn</li><li>Samanlikna og vurderer kritisk ulike kjelder til kunnskap om religionar og livssyn</li></ul> <b>10C og A:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>Vita korleis det er å leva i eit religionsfritt samfunn</li><li>Kunna gje eksempel på etiske dilemma</li></ul>
Naturfag	<ul style="list-style-type: none"><li>Gje døme på nokre seksuelt overførbare infeksjonar og kjenna til korleis ein kan få meir informasjon og rettleiing</li></ul>
Spansk	<ul style="list-style-type: none"><li>Oppsummering av kompetansemål frå ungdomstrinnet</li><li>Repetisjon av verbale tidsbøyingar på spansk</li><li>Gjennomgang av refleksive verb og å uttrykka meining</li><li>Vokabular og bindeord</li></ul>
Tysk	<ul style="list-style-type: none"><li>Kunna snakka om «mein Freund» og «meine Zukunft»</li><li>Kunna snakka i nåtid, fortid og framtid</li></ul>
Eng fordj	<ul style="list-style-type: none"><li>Forstå korleis skriftleg eksamen er bygd opp</li><li>Arbeida med momentliste og struktur for munnleg eksamen</li></ul>

<b>Arbeidslivsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Undersøka behov for varer og teneste på skulen og i lokalsamfunnet</li> <li>• Kunna planleggja praktiske og yrkesretta arbeidsoppdrag</li> <li>• Kunna produsera og levera varer og teneste etter kvalitetskrav</li> <li>• Bruka fagbegrep, arbeidsmetodar, verktøy, materiale og teknologi tilpassa arbeidsoppdrag</li> </ul>
<b>Kroppsøving</b>	<p><b>Turn/akrobatikk:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar</li> <li>• Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar</li> <li>• Øva på og gjennomføra danseaktivitetar frå ungdomskulturar og andre kulturar, og saman med medelevar skapa og presentera dansekomposisjonar</li> </ul> <p><b>Symjing:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Forstå og gjennomføra livreddande førstehjelp</li> </ul> <p><b>Innsats:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre</li> <li>• Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra din eigen fysiske kapasitet og samarbeida med andre</li> </ul>
<b>K&amp;H</b>	Sjå på korleis identitet og stadstilhøyrse blir kommunisert i arkitektur, klestradisjonar, kunst eller gjenstandar, og integrera kulturelle referansar i eige skapande arbeid.
<b>Musikk</b>	Me held på å avslutte ein periode med å lage og framføre protestlåt. Dersom du ennå ikkje har framført, kjem nok det i første musikktime. Deretter er det sjangerlære som gjeld.
<b>Trafikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Beskriva trafikken i eit historisk perspektiv og drøfta utfordringar i dag og i framtida</li> <li>• Reflektera over og visa kva det inneberer å opptre trygt og ansvarsfullt i trafikken og diskutera etiske dilemma i trafikken</li> <li>• Drøfta faktorar som har betydning for mobilitet, folkehelse og miljø</li> </ul>
<b>Fys.ak.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• øva på og gjennomføra varierte bevegelsesaktivitetar aleine eller saman med andre.</li> <li>• Anerkjenna forskjellen på seg sjølv og andre, vera inkluderande og samarbeida med andre.</li> </ul> <p>Tema: Varierte aktiviteter</p>
<b>Friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Allemannsretten</li> </ul>
<b>Design</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utforska og diskutera eksisterande produktsgdesign og materiale i eit livssyklusperspektiv</li> <li>• Designa og redesigna i ulike materiale på ein kostnadseffektiv og miljøbesparande måte</li> <li>• Bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale</li> </ul>
<b>Olweus</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Klassemiljø</li> <li>• Korleis skal me oppføra oss mot kvarandre</li> </ul>

Då går me inn i mai månad med mange fridagar og eksamen. Det er viktig å følgja med på årshjulet og vekeoversikten.

### Eksamensperioden

Tysdag 7. mai er det trekkdag til skriftleg eksamen. Elevane vil då få vita om dei kjem opp i norsk, matte eller engelsk. I dei neste 2 vekene vil me løysa opp timeplanane, slik at det blir meir øving på dei faga dei får i eksamen. Eigen info og plan for dette kjem tysdag 7. mai.

### IPad, utstyr og eksamen

Det er særst viktig at elevane held iPadane oppdaterte og er opplada kvar dag. Til eksamen vil me ikkje dela ut utstyr elevane treng, så alle må passa på at dei har det dei treng.

Nyt fridagane, 1. mai og 9.-10. mai!

Helsing oss på 10.trinn

## PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Spansk	Skriftlig vurdering 2 deler	Karakter	18/tysdag (del 1) og torsdag (del 2)
Engelsk fordjupning	Arbeid som manglar	Karakter	Frist: 2. mai kl. 13:00
Arb liv	Innlevering av logg	Godkjent/ikkje godkjent	Frist 2. mai

## HEIMEARBEID VEKE 18

<b>Norsk</b>	Les 3X20 min i boka di. Oppdater ON - Bøker eg har lese!
<b>Engelsk</b>	Førebu deg til munnleg vurdering i løpet av veka. Viss nokon i gruppa di er sjuk eller vekke, så blir samtalen gjennomført uansett.
<b>Matematikk</b>	Gjer 3.33 og 3.38 i grunnbok
<b>Samfunnsfag</b>	Forklar desse omgrepa: <ul style="list-style-type: none"><li>• Sionisme</li><li>• Islamisme</li><li>• Alawittar</li><li>• Den arabiske våren</li><li>• Det osmanske riket</li><li>• Sja</li></ul> Skriv på ON
<b>KRLE</b>	<b>10C og A:</b> Lever inn teksten "Å leve i eit religionsfritt samfunn" under vurderingar på ON.
<b>Naturfag</b>	Les s. 153-156 Gjer oppgåve 11 og 12 s.164
<b>Spansk</b>	Førebu deg til spansk skriftleg prøve. På tysdag blir det langvarsoppgåve (del 1) og på torsdag blir det grammatikk (del 2)

<b>Tysk</b>	Til torsdag : Lag tankekart om «Mein bester Freund» og lag 10 spørsmål og svar til dette temaet. ( Wie siehst er/sie aus? Welche persönliche Eigenschaften hat er/sie? Warum ist er/sie dein bester Freund? Osv.)
<b>Eng fordj</b>	Lever presentasjonar og/eller skriftleg rapport som du anten ikkje har levert eller som du vil forbetre FØR timen på torsdag (2. mai)
<b>Arbeidslivsfag</b>	Innlevering logg
<b>Musikk</b>	Dersom du ikkje har framført protestlåt; førebu deg godt. Etterpå må du lytte til og tenke igjennom ulike musikksjangrar.

<b>HEIMEARBEID VEKE 19</b>	
<b>Norsk</b>	Les 30 min i boka di. Hugs ON!
<b>Engelsk</b>	Watch this <a href="#">video</a> . Write a small paragraph (5-8 connecting sentences) where you explain the different viewpoints that the interviewer and the person being interviewed have and how they are different.
<b>Matematikk</b>	Øving med eksamensoppgåver.
<b>Naturfag</b>	Les samandrag s.160 og øv på å forklara viktige ompreg
<b>Tysk</b>	Lag eit tankekart om «Mein Alltag» Skriv 10 spørsmål og svar til temaet.
<b>Musikk</b>	Lytt til og lær deg kva kjenneteikn ulike musikksjangrar har.
<b>Friluftsliv</b>	Avspasering for dobbeltøkt i veke 17